

Jone Scheie
Nordsjøvegen 1330
4343 ORRE

Vår dato: 06.07.2022
Vår referanse: 22/24867- 4
Dykkar dato: 28.01.2022
Dykkar referanse:

Svar – klage på driftseiningvurdering – gnr. 38 bnr. 2, gnr. 36 bnr. 4 og gnr. 38 bnr. 10 – Klepp kommune

Samandrag: Landbruksdirektoratet opphevar Statsforvaltaren i Rogaland sitt vedtak dagsett 30. november 2021, jf. forvaltningslova § 34 fjerde ledd. Dette fordi saka ikkje skal behandlast etter jordlova § 12 sjette ledd.

Landbruksdirektoratet synar til oversending av klage fra Statsforvaltaren i Rogaland dagsett 28. januar 2022. Klagen gjeld Statsforvaltaren i Rogaland (heretter Statsforvaltaren) sitt vedtak dagsett 30. november 2021 om at gnr. 38 bnr. 2, gnr. 36 bnr. 4 og gnr. 38 bnr. 19 i Klepp kommune utgjer ei driftseining, jf. jordlova § 12 sjette ledd.

Bakgrunn for saka

I samband med bygging av bustadhus på gnr. 38 bnr.2 til bruk som bustad for klagar sin son fekk Statsforvaltaren saka på høring etter plan- og bygningslova (pbl). Statsforvaltaren vart gjorde merksam på driftseiningsspørsmålet som følgje av gnr. 38 bnr. 10 sin plassering på gårdstunet til gnr. 38 bnr. 2, samstundes vart klagar heimelshavar for baa registereiningane.

Statsforvaltaren sitt vedtak

Statsforvaltaren gjorde vedtak i saka 30. november 2021. Statsforvaltaren konkluderte med at gnr. 38 bnr. 2, gnr. 36 bnr. 4 og gnr. 38 bnr. 10 i Klepp kommune utgjer ei driftseining etter jordlova § 12 sjette ledd.

Landbruksdirektoratet synar til Statsforvaltarens vedtak dagsett 30. november 2021 i sin heilskap.

Klagen

Klagen er dagsett 17. januar 2022. Til Landbruksdirektoratet har klagar som bakgrunn for saka gjort greie for at gnr. 38 bnr. 10 vart skild fra gjennom skylddelingsforretning 7. mars 1957. Klagar tok over gnr. 38 bnr. 10 i 1982, men vart ikkje heimelshavar før i 1985.

Landbruksdirektoratet synar til klagen dagsett 19. januar 2022 i sin heilskap.

Statsforvaltaren sendte så over klagen til Landbruksdirektoratet 28. januar 2022 etter å ha

come til å ikkje ta klagen til følge.

Landbruksdirektoratet sine merknader

Statsforvaltaren har delegert kompetanse til å gjere avgjersler i spørsmål om kva som utgjer ei driftseining. Landbruksdirektoratet er klageinstans for slik avgjersle. Som klageinstans etter forvaltningslova (fvl) § 28 første ledd kan Landbruksdirektoratet prøve saka i sin heilskap, og ta omsyn til nye omstende i saka, jf. fvl. § 34 annet ledd. Som klageinstans skal Landbruksdirektoratet vurdere klagars synspunkt og sjå til at saka er så godt opplyst som mogleg før vedtak gjerast, jf. fvl. § 33 femte ledd. Landbruksdirektoratet kan som klageinstans sjølv gjere nytt vedtak i saka, alternativt kan Landbruksdirektoratet oppheva vedtaket og sende det tilbake til underinstansen for heilt eller delvis ny handsaming, jf. fvl. § 34 fjerde ledd.

Om driftseiningsspørsmålet

Av jordlova § 12 fyrste ledd, fyrste setning går det fram at:

«Deling av eigedom som er nytta eller kan nyttast til jordbruk eller skogbruk må godkjennast av departementet.»

Vidare går det fram av jordlova § 12 sjetten ledd at:

«Føresegnene gjeld utan omsyn til om ein eigedom har fleire registeremningar når eigedomen eller ideell del av han er på same eigarhand og etter departementet sitt skjønn må reknast som ei driftseining.»

Dei sentrale føringane for forvaltninga si utøving av skjønn i saker om deling etter jordlova går fram av Landbruks- og matdepartementet (LMD) sitt rundskriv M-2/2021.

Landbruksdirektoratet gjer merksam på at driftseiningsspørsmålet berre skal vurderast etter jordlova § 12 sjetten ledd i saker kor det er aktuelt med frådeling av areal fra ein landbrukseiendom, jf. jordlova § 12 fyrste ledd. Dette er ikkje tilfellet i denne saka.

Landbruksdirektoratet gjer merksam på at i saker med tvil om driftseiningsspørsmålet der det er ein føresetnad for den vidare prosessen med ei avklaring av driftseiningsspørsmålet, så skal dei lokale landbruksstyresmaktane, landbrukskontor/landbrukssjef mv. avgi ei fråsegn om driftseiningsspørsmålet i den konkrete saka. I den samband synar Landbruksdirektoratet til kommentarutgåva til plan- og bygningslova pbl. § 30-1 kor det går fram om anvendinga av bestemminga at:

«Driftsbygninger kan bare oppføres på jordbrukseiendom som utgjør en driftsenhet. I tvilstilfeller bør landbruksmyndighetene avgi uttalelse..»¹

Landbruksdirektoratet synar til at i saker kor driftseiningsspørsmålet er ein føresetnad for den vidare prosessen i ei sak, så har forvaltninga myndigheit til å ta stilling til driftseiningsspørsmålet på førehand. Det skal ikkje opprettast ei driftseiningssak anna enn i delingssaker etter jordlova § 12 fyrste ledd.

Landbruksdirektoratet ser det difor slik at det ikkje er grunnlag for å behandle denne saka etter jordlova § 12 sjetten ledd. Landbruksdirektoratet opphevar difor Statsforvaltaren sitt vedtak etter forvaltningslova § 34 fjerde ledd.

¹ Carl Wilhelm Tyrén, *Plan- og bygningsloven. Lovkommentar*, [§ 30-1. Driftsbygninger i landbruket](#), [Juridika](#) (kopierte 29. juni 2022)

Statsforvaltaren sin vurdering av driftseiningsspørsmålet i saka bør likevel danne grunnlag for ei prejudisiell fråsegn i denne saka.

Vedtak: Landbruksdirektoratet opphevar Statsforvaltaren i Rogaland sitt vedtak dagsett 30. november 2021, jf. forvaltningslova 34 fjerde ledd.

Dette er ikkje eit einskildvedtak, det kan ikkje klagast vidare, jf. fvl. § 28.

Med helsing
for Landbruksdirektoratet

Aud-Ingrid Krefting
seksjonssjef

Henrik Thode Kristoffersen
førstekonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og treng difor ingen signatur.

Mottakar:
Jone Scheie

Kopi til:
Statsforvaltaren i Rogaland

Pb 59

4001 STAVANGER